

# Bok på 1-2-3

## Tonje Glimmerdal

Av Maria Parr

Illustrert av Åshild Irgens

**Tverrfagleg opplegg i norsk, musikk og kunst og handverk.**

Tonje Glimmerdal har fått fleire priser, både i Noreg og i andre land. Boka finst også som lydbok, både i vanleg lydbokutgåve og som lydbok frå NLB.


Boka passar godt som høgtlesingsbok for 1.–7. trinn, og læraren må vurdere kva for nokre av opplegga vi har skissert under, som passar til elevgruppa deira.

### Om boka

Tonje Glimmerdal er det einaste barnet i Glimmerdalen. Bestevennen hennar er ein gammal staur som heiter Gunnvald. Han er 74 år og sauebonde.

Ramma for forteljinga er det som hender i Glimmerdalen frå vinterferien til påskeferien dette året då Tonje snart skal fylle ti år. Det skal testast heimesmidde rattkjelkar, takast salto frå Vardetinden, lamma skal komme og Gladiator må flyttast opp i sommarfjøsen. Her trengst det fart og sjølvtillit!


Det er så mykje godt å seie om denne forteljinga. Morosam og spennande. Ei herleg høgtlesingsbok. Tidlaus og klassisk. Men kanskje er det viktigast at boka også er alvorleg, og dei ulike personane har både sterke og svake sider.



### Kopling til læreplanen og berekraftsmål

Vi finn støtte for opplegga i LK 2020 i faga norsk, musikk og kunst og handverk og i dei tverrfaglege temaene berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring.

Dessutan tek boka opp tema som går inn i FN sine berekraftsmål, til dømes god helse og livskvalitet, stoppe klimaendringane og livet i havet.



# 1 Opplegg for 1.–7. trinn

## til introduksjonen og kapittel 1

Les introduksjonen og det første kapittelet høgt for elevane.

### Snakk saman:


- Kva får vi vite om Tonje Glimmerdal?
- Kva får vi vite om dei andre personane?
- Kva årstid er det?
- Kva får vi vite om Glimmerdalen?

### Aktivitet i kunst og handverk

Tonje Glimmerdal er glad i fart og spenning. Har du nokon gong rent så fort på kjelke, akebrett eller ski at det kjennest som om armar og bein er i alle retningar? Denne sprellemannteikninga er slik at du sjølv kan bestemme kva veg armane og beina skal vende, og om Tonje skal vere midt i svevet, med hovudet opp eller ned. Teikn på ansiktsuttrykk som passar. Du kan velje kva mønster og fargar Tonje har på kleda.

På neste side er eit mønsterark til å skrive ut, fargelegge og så klippe ut. Fest kroppsdelane med splittbinders, teiknestift på tavle, eller tre ein tråd med ei perle på gjennom laga med ark, så dei heng saman.





## 2 Å lese heile boka

Aktivitetar de kan gjere undervegs eller etter å ha lese alt

Det er viktig at elevane også får trening i å lytte til lengre forteljingar. Boka inneheld 30 små kapittel, og dei er passeleg lange til at det er perfekt å lese eitt kapittel kvar dag. Om de gjer det fem dagar i veka, har de lese heile boka på seks veker. Om de startar 1. september, er de ferdige midt i oktober. Startar de å lese boka 8. november, er de akkurat ferdige 17. desember – denne boka eignar seg nemleg også godt å lese i tida før jul.


Det første kapittelet er artig og fartsfylt. Resten av boka er også humoristisk og levande skildra, men det er også meir alvorlege parti. Boka skildrar at personane aldri er berre dumme eller berre gode. Livet har mange sider, og boka inneheld nokre visdomsord som ein kan ta med seg vidare. Til dømes at det aldri er barna sin feil, alt det galne dei vaksne gjer.

Her er nokre aktivitetar de kan gjere undervegs i perioden etter å ha lese heile boka:

### Musikk 1.–7. trinn

Songen Blåmann, Blåmann (eller «Leitande etter Blåmann», som han eigentleg heiter), går igjen fleire gonger i boka. Her kan de syngje med eller skrive ut notar på songen:

<https://www.tunkatten.no/songbok/dyr-og-fuglar/>



Start gjerne måndagslesinga med å snakke litt om kva de las om på fredagen.

Musikk er ein viktig del av boka.

## 2 Å lese heile boka

Aktivitetar de kan gjere undervegs eller etter å ha lese alt

### Skriving 1.–4. trinn

Elevane får i oppdrag å skrive tre setningar som seier noko om personane i boka, til nokon som ikkje har lese henne. Saman med ei lita teikning blir det ein miniomtale som kan få andre til å lese boka. Bruk gjerne malen som står på neste side.



Her er nokre personar og dyr elevane kan velje å skrive om:

- Tonje
- Gunnvald og Heidi
- Måse-Geir
- Hagen på Hagen helsecamping
- Tante Eir og tante Idun
- Hunden til Heidi
- Mammaa til Tonje
- Pappaen til Tonje, Sigurd
- Ole
- Nils
- Ferjematrosen



Snakk saman om adjektiv de kjem på når de tenkjer på personane i boka, og skriv dei gjerne opp på tavla før elevane skal skrive setningar: Spennande, sint, glad, trist, fartsfylt, stille, irritert, trygg, usikker

Heng gjerne opp arka attmed kvarandre, eller lim dei inn i arbeidsboka.



## 2 Å lese heile boka

Aktivitetar de kan gjere undervegs eller etter å ha lese alt

### Skriving 5.–7. trinn

Vi skal sjå nærmare på spenningskurva i boka Tonje Glimmerdal. Bruk skjemaet under og snakk om forteljinga. Lat elevane samtale saman om høgre kolonne, før du som lærar seier «fasiten».

Orientering	Lesaren blir orientert om til dømes tid, rom og hendingar	Tonje Glimmerdal og vennskapet med Gunnvald i Glimmerdalen.
Komplikasjon	Problem og spenning oppstår	Tonje får vite om Heidi, Gunnvald blir skada, Heidi kjem og vil selje garden.
Løysing	Problemet blir løyst	Tonje og Heidi blir venner. Gunnvald og Heidi får ordna opp, og Heidi kjøper campingplassen.

### Skrive forteljingsrulett

Elevane er organiserte i små grupper. Framfor seg har dei ein terning og eit ark med skildringar av ein stad, ein person, ei hending og ein hjelpar. Trill terning og marker i skjemaet for kvar kolonne. Det terningen viser, bestemmer så staden for handlinga, hovudpersonen, kven som hjelper osb. På denne måten får ein ulike grovdisposisjonar av forteljingar som elevane kan nytte i si eiga skriving. Lærar vel om elevane skal skrive forteljinga åleine, i læringspar eller i gruppene. «Stad og person»-kolonnene svarer til orienteringsbiten i skjemaet om spenningskurve, «hending» svarer til komplikasjon, og til slutt får vi ei løysing fordi nokon hjelper personen med det som har skjedd.

På neste side finn de eit utskriftsark til oppgåva.



# Forteljingsrulett

Terningkast	Ein stad	Ein person	Ei hending	Hjelpar
	I flyet	Statsministeren	Finn ein død person	Ein katt
	Under ei bru	Du sjølv	Oppdagar ein tjuv	Ein tryllestav
	I ein ubåt	Ein politietterforskar	Blir kidnappa	Ein kode
	På ein kyrkjegard	Ei popstjerne	Møter eit romvesen	Eit spøkelse
	I ein mørk skog	Ein snakkande hund	Får eit merkeleg brev	Ein toåring
	På fotballbanen	Ei blind dame	Spring maraton	Verdas sterkeste mann

## 2 Å lese heile boka

Aktivitetar de kan gjere undervegs eller etter å ha lese alt

### Kunst og handverk

Sjå på kartet i omslaget i boka. Læraren kan teikne grovskisse av fjell, elv og vegar på ein stor kartong. Elevane kan teikne bidrag til Glimmerdalen på kvite ark, klippe ut og lime på kartongen. Det treng ikkje sjå likt ut som i omslaget! Teikne gjerne Tonje som står på ski eller akar på kjelke, og dei andre personane. Skriv namna attmed. Bruk fargar på teikningane. Til slutt har de Glimmerdalen i klasserommet også.

Eit anna alternativ er å lage sitt eige kart over heimstaden eller lokalmiljøet til skulen eller elevane. Her får de arbeidd med lokal tilhøyrslle og identitet.

